




Seljord kommune

Inkluderende barnehage- og skolemiljø

Kompetanseutvikling for barnehager, skoler, myndighet og eiere om mobbing og andre krenkelser.



 Utdanningsdirektoratet

2020-22

Planen er ei vidareføring av plandokumentet frå 2018. Arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø skal vidareførast i barnehagane, og skal gjelde t.o.m. desember 2022.

Plandokumentet viser avtaler og status for arbeidet med "Inkluderande barnehage- og skulemiljø" i Seljord kommune medio mars 2021.

Innhald

1. Innleiing	3
2. Forankring og organisering av arbeidet:	4
3. Mål	6
4. Tiltaksplan for førebygging, avdekking og handtering av krenkingar og mobbing.	7
5. Tidslinje for prosjektet – barnehage	9
6. Tidslinje for prosjektet – skule	11
7. Mølegheiter og utfordringar	12
8. Vidareutvikling av praksis etter deltaking i prosjektet	12
9. Finansiering	13
10. Litteraturliste	14
11. Nettressursar	15
12. Vedlegg	16
<i>Vedlegg 1 - Søknad om deltaking i inkluderande barnehage- og skulemiljø for 2020-22frå Seljord kommune</i>	<i>16</i>
<i>Vedlegg 2 – Kompetanseplan Rekomp 2020-22</i>	<i>16</i>
<i>Vedlegg 3 - Den kompetente vaksne</i>	<i>16</i>
Om «Den kompetente vaksne - sosial- og relasjonskompetanse».	17

1. Innleiing

Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet sett i gang prosjektet "Inkluderande barnehage- og skulemiljø", IBSM.

Utviklingsområda i den nasjonale satsinga er:

- Utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage- og skulemiljø, der alle barn og unge trivast og opplever tilhøyrse
- Førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar
- Organisasjon og leiing, generell regelverkskompetanse og tverrfaglig samarbeid

Seljord kommune har tidlegare vore med i pulje 3 i prosjektet saman med Region Vest-Telemark. Grunna store endringar i samband med omorganisering av kommunestrukturen i Seljord, etablering av nye einingar og utforsking av nye roller, og etter kvart pandemien, opplevde vi å kome bakpå med denne viktige satsinga. Kommunen valde derfor å søke på nytt og har vore heldige å kome med i pulje 5.

Barnehagesektoren i Seljord ynskjer dette med satsinga:

- Omsetje lovar og læreplanar, forskning- og erfaringsbasert kunnskap til praktisk handling
- Leggje til rette for kontinuerleg endring av praksis ved å skape rom for å dele erfaringar, gje kvarandre tilbakemeldingar og rettleiing
- Skape gode læringsmiljø gjennom førebyggjande og trivselsfremjande tiltak
- Avdekke og stoppe mobbing og andre krenkingar

Skulesektoren i Seljord ynskjer dette med satsinga:

- Elevane skal ha eit trygt, godt og inkluderande arbeidsmiljø.
- Alle elevar skal ha en god skulekvardag.
- Avdekke opplevde krenkingar, utanforskap, negativitet og utryggheit tidleg.
- Bygge fellesskap mellom dei vaksne i skulen, konkret og praktisk.
- Sikre ein einskapleg og tydeleg vaksengruppe, som saman legg til rette for at elevar skal lykkast best mogleg.
- Kople seg på enkelteleven gjennom relasjonsbygging og hyppige ein-til-ein treffpunkt (elevsamtaler).
- En einskapleg skuleleiing som systembygger, rettleiar og tilretteleggar.
- Sikre at skulen i størst mogleg grad har foreldre/ føresette med seg i prosessen over tid.

2. Forankring og organisering av arbeidet:

Kompetanseutviklinga vil gå føre seg på tre nivå, nasjonalt gjennom Udir sine samlingar, regionalt gjennom regional kompetanseheving, Rekomp, og lokalt på ulike felles arenaer og i kvar enkelt barnehage og skule.

Nasjonalt

Nasjonalt held prosjekt IBSM fram for barnehagane og skulane i Seljord i perioden 2020 til 2022. Dette året går og startskotet for ei ny stor nasjonal satsing, «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Dette temaet hadde vi allereie på tiltaksplanen for IBSM frå 2018. Og vi er så smått i gang med å tenke og gjere grep som utviklar vår måte å drive det allmennpedagogiske arbeidet på slik at alle barn opplever tilhørsle i fellesskapet. Vi meiner det vil vere viktig å kople desse prosjekta saman, slik at det blir ein samanheng mellom dei ulike satsingane.

Region Vest-Telemark

Val av tema er ein direkte oppfølging av arbeidet med Inkluderande barnehage- og skulemiljø frå pulje 3. I Regional kompetanseutvikling, Rekomp, er fokuset på **Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning**.

Gjennom Rekomp i Vest-Telemark har vi for barnehagane fått Terje Melaas frå USN som kurshaldar. Tema er Inkluderande barnehagemiljø - Barnehagen sitt arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utestenging.

Innanfor temaet har vi også livsmeistring, psykisk helsefremjande barnehagar, leikande barnehagar - ein praksis som hjelper barn inn i vennskap og fellesskapsrelasjonar.

Vi har vald kompetansetiltaka plassert på ulike arenaer; regionale samlingar for styrarane, og fagtreff og personalmøte i kvar kommune og barnehage.

I Desentralisert kompetanseutvikling, Dekomp, er fokuset lokalt på **trygt og godt skulemiljø, inkludering, spesialpedagogisk innsats, dysleksivennleg skule og fagfornyninga**.

Pedagogisk psykologisk teneste, PPT, er ein viktig samarbeidspart i systemretta arbeid i barnehage og skule. I barnehage har ein FSB, Forum for systemretta arbeid i barnehagane, har vi ein møteplass for rettleiing og refleksjon rundt utfordringar og suksesshistorier i arbeidet med barna. Helsesjukepleiar, spesialpedagog og logoped deltek.

I skule har ein TPO-gruppe ved kvar skule, der ein jamleg drøftar spesialpedagogisk innsats og tilpassa opplæring på individ- og systemnivå. Rektor, PPT, helsesjukepleiar og logoped deltek på møta.

PPT har vore med i IBSM pulje 3, og har bidrege inn i satsinga med kompetanseopplegg for skular og barnehagar, som t.d. fagdagar med Susan Hart, om nevroaffektiv utvikling og Theraplay. I tillegg arrangerer PPT kurs «Leik som regulering» i regionen. Målet er at det blir ein implementert del av handlingskompetansen til alle tilsette.

Vi ynskjer framleis å trekke PPT så mykje vi kan inn i arbeidet i pulje 5.

Organisering av satsinga i Seljord kommune

Satsinga er forankra i kommunestyret som ei vidareføring av deltakinga i pulje 3.

Barnehage:

Lokalt har vi ei styringsgruppe sett saman av barnehagestyrarane og pedagogisk konsulent som representant for barnehageeigar.

Vi vel å gå vidare utan tilsetting av ressurspersonar denne gong. Pedagogisk konsulent vil vere pådrivar, koordinator, skrivar for satsinga i tett samarbeid med styrarane og rektorane. Styrarane i barnehagane har ansvar for implementering saman med representantar for dei pedagogiske leiarane i den einskilde barnehage. Styrarane saman med sentrale pedagogiske leiarar og pedagogisk konsulent vil delta på dei nasjonale samlingane med Udir.

Vi ynskjer å bruke midlane frå satsinga i pulje 5 til å inngå samarbeid med ein ekstern vegleiar som kan bidra framover i prosjektperioden. Vi ynskjer eit blick utanfrå som kan bidra med observasjon og vegleiing, og bidra med kunnskap og erfaring i tråd med behova våre i utviklinga av barnehagane våre. Vi er opptekne av å gjere ord om til handling i den praktiske barnehagekvardagen, «til det beste for barna».

- Styrarmøta med styrarane og pedagogisk konsulent blir styringsgruppa for arbeidet
- Ped.leiarmøta i kvar barnehage blir lokal arbeidsgruppe
- Styrarane har ansvar for å følgje opp implementeringsarbeidet i kvar barnehage
- Kompetanse, refleksjon: vi har eit godt etablert system med møteplassar for formidling av kunnskap, bevisstgjerjing, refleksjon, drøftingar og øving:
Fem planleggingsdagar pr. år, tre fagtreff pr. år for alle tilsette, personalmøte og gruppemøte ein gong pr. måned, utviklingssamtalar med kvar tilsett to gonger pr. år, To pedagogmøte pr. år for alle pedagogane i kommunen og til slutt pedagogisk leiarmøte ein gong pr. måned for pedagogane i kvar barnehage.
I kvardagen fokuserer vi på å etablere ein tilbakemeldingskultur gjennom vegleiing og øving/rollespel.
- Vi ynskjer å leige inn foredragshaldarar/eksterne ressurspersonar til observasjon og faglegstøtte
- Innkjøp av aktuell faglitteratur om tema til alle avdelingane er aktuelt. Biletbøkar og skjønnlitteratur og anna materiell for barna relatert til tema blir prioritert.
- Involvering av føresette gjennom foreldremøte, formelle foreldresamtaler og oppfølging gjennom den daglege kontakten.
- Involvering av SU (Samarbeidsutvalet) og KFU (Kommunalt foreldreutval). Inkluderande barnehage- og skulemiljø står fast på sakskartet på desse møta og blir teke opp til drøfting undervegs gjennom heile prosessen.

Skule:

Lokalt har vi ei styringsgruppe sett saman av rektorane, pedagogisk konsulent, kommunalsjef og innleigd ressursperson Paul Victor som skal hjelpe oss med å halde den raude tråden gjennom heile prosjektperioden. Det er eit mål at vi skal byggje kapasitet og system over tid som kan vere ein pedagogisk plattform for skulane frå 2022-23.

Pedagogisk konsulent vil vere pådrivar og koordinator for satsinga i tett samarbeid med rektorane, kommunalsjef og innleigd konsulent Paul Victor. I tillegg vil ein invitere med

hovudtillitsvalde. Rektorane har ansvar for implementering i skulane. Rektorane saman med sentrale lærarar og pedagogisk konsulent vil delta på dei nasjonale samlingane med Udir.

Vi vel å bruke midlane frå satsinga i pulje 5 til å inngå samarbeid med ein ekstern vegleiar som kan bidra framover i prosjektperioden. Vi ynskjer eit blick utanfrå som kan bidra med observasjon og rettleiing og til å utvikle ein felles kultur i skulesektoren.

- Rektormøte med rektorane, pedagogisk konsulent og Paul Victor blir styringsgruppe for arbeidet
- Rektor får ansvar for å etablere lokal arbeidsgruppe ved kvar skule.
- Rektorane har ansvar for å følge opp implementeringsarbeidet.
- Kompetanse, refleksjon: vi har eit godt etablert system med møteplassar for formidling av kunnskap, bevisstgjeriing, refleksjon, drøftingar og øving: Seks planleggingsdagar per skuleår, fellestid kvar veke, teammøte, utviklingssamtalar med tilsette.
- Vi ynskjer å leige inn eksterne ressursperson til fagleg støtte for utvikling av felles kultur, rutinar og prosedyrar ved skulane våre.
- Involvering av føresette gjennom foreldremøte, formelle foreldresamtalar og oppfølging gjennom den daglege kontakten.
- Involvering av Foreldreutval, Samarbeidsutval og Kommunalt foreldreutval.
- Involvering av Velferdsutval/politisk nivå.
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø er faste punkt alle møte.

3. Mål

Nasjonale mål:

«Kompetanseutviklingen skal styrke barnehagers, skolars og eieres kompetanse til å skape og opprettholde gode barnehage- og skulemiljøer, og forebygge, avdekke og håndtere mobbing og andre krenkelser.

Tilbudet skal styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til barnehager, skoler, eiere og barnehagemyndigheter, samt kompetanse i å drive kvalitetsutvikling lokalt».

Mål for barnehagane og skulane i Seljord:

- Alle barn skal oppleve at dei har eit trygt og godt læringsmiljø i barnehagen utan krenking og mobbing. Spesielt viktig å inkludere barn med spesielle behov og fleirspråklege barn
- Barn skal oppleve eit inkluderande miljø som fremmer livsmeistring og helse
- Barn skal utvikle god sosial kompetanse og relasjonskompetanse
- Barn skal møte kompetente vaksne som er gode rollemodellar
- Barn skal oppleve at krenkingar og mobbing blir stoppa

4. Tiltaksplan for førebygging, avdekking og handtering av krenkingar og mobbing.

Barnehagane og skulane i Seljord 2020-2022, jf. IBSM-planen pulje 3 (2018-2020)

MÅL	Barnets beste <ul style="list-style-type: none">- Alle barn skal ha eit trygt og godt læringsmiljø i barnehagen utan krenkingar og mobbing- Alle barn skal oppleve eit inkluderande miljø som fremmer livsmeistring og helse- Alle barn skal møte kompetente vaksne som er gode rollemodellar i kvardagen- Alle barn skal utvikle god sosial kompetanse og relasjonskompetanse- Alle barn skal oppleve at krenkingar og mobbing blir stoppa
RAMMER - FØRESETNADER	Barns rettar: <ul style="list-style-type: none">- Personalet er forplikta ut frå FN's barnekonvensjon, barnehagelova, rammeplan for barnehagen og lokale planar- Personalet skal ha null-toleranse for krenkande åtferd, mobbeåtferd/ mobbing. Personalet: <ul style="list-style-type: none">- Marginal bemanning- Det er utfordrande å få tak i vikarar- Ulik kompetanse hos vikarane Organisering, rammer: <p>Det er ulik grad av førehandskjende vilkår og store krav til fleksibilitet i kvardagen med tanke på innhald og organisering av dagen.</p> Fysisk miljø: <ul style="list-style-type: none">- Store og til dels uoversiktlege inne- og uteareal- Skogsareal med gapahuk, lavvo og bål plass Samarbeid: <ul style="list-style-type: none">- Det er eit stort mangfald blant barna og personalet når det gjeld personlegdom, temperament, erfaringar, modning, utvikling og behov- Barn, foreldre og personalet kjem frå ulike familiekulturar. Arbeide for godt samarbeid basert på respekt og toleranse- Foreldresamarbeidet må vere tett, godt og inkluderande. Involvere foreldra i satsinga Kompetanse, organisasjonsutvikling: <ul style="list-style-type: none">- Personalet skal halde seg oppdatert på ny kunnskap- Delta i felles personalutvikling på eininga- Vere med å vidareutvikle faglege fellesskap lokalt i kommunen og regionalt for å sikre utvikling i arbeidet- Motto: «Frå ord til handling»

	<ul style="list-style-type: none"> - Personleg utvikling er langsame og kontinuerlege prosessar, tek tid
KVA - INNHALD	<ul style="list-style-type: none"> - Barn skal oppleve at krenkingar og mobbing blir stoppa - Alle barn skal oppleve tilhøyrslø og trivsel - Barna skal vere aktive deltakarar og medverke i alt som vedkjem dei - Personalet skal legge til rette for fellesskap, vennskap og samvær på tvers av alder - Barna skal få støtte til å meistre motgang og erfare at det er lov å feile - Personalet skal reflektere over og skrive ned (dokumentere) gode mellommenneskelege veremåtar i samvær med barna - Personalet skal snakke med barna om mobbing (jmf. Pål Roland): <ul style="list-style-type: none"> - kva mobbing er - ulike måtar det gjerast på - korleis barna har det - korleis vi kan stoppe og førebygge det - forskjell på mobbing og erting - om å gjere noko med vilje eller ikkje - om å inkludere i leik, og korleis ein seier ting på ein fin måte <p>Tilrettelegging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barna skal erfare samanhengande tid til leik med tid til å fordjupe seg - Dagleg fysisk aktivitet inne og ute - Sunn mat og regelmessige måltid, følgje nasjonale retningslinjer - Ro og kvile for alle aldersgrupper - I samvær med barna skal personalet skal ha fokus på å støtte barns utvikling av: <ul style="list-style-type: none"> - Sosial kompetanse - Relasjonskompetanse - Leikekompetanse - Språk - Sjølvkjensle/sjølvtilitt - Personalet skal fremje danning
KORLEIS - ARBEIDSMÅTAR	<ul style="list-style-type: none"> - Personalet skal vere bevisste og gode rollemodellar - Personalet skal utvikle bevissthet rundt eigen sosial- og relasjonskompetanse - Personalet skal delta i og støtte barns leik. Vere aktive og nærverande - Personalet skal utvikle og utføre ein autoritativ oppdragarstil - Sikre eit godt fysisk og inkluderande læringsmiljø inne og ute - Sikre god organisering av dagen med faste rutinar og arbeid og samvær i grupper - Ingen barn skal vere åleine utan vaksne nokon stad - Fokusere på inkludering i samarbeidet med foreldra - Oppfølging av vikarar, elevar og studentar - Utvikle og rullere tiltaksplan mot krenkingar og mobbing - Utvikle og rullere plan for overgangar - Utvikle og styrke tverrfagleg samarbeid - Nytte ressursane i barne- og ungdomsteamet

	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle samarbeidet med flyktingtenesta - Utvikle samarbeidet med helsestasjonen - Personalet skal ha særskilt fokus på sårbare barn – inkluderande praksis - Utvikle gode arkiverings- og dokumentasjonsrutinar
DOKUMENTASJON OG VURDERING	<ul style="list-style-type: none"> - Ståstadsanalyse - Pedagogisk analyse - Foreldreundersøking annakvart år. Udir. Nov./des. - Tilpasse og ta i bruk ulike observasjons- og kartleggingsmetodar, som t.d.: <ul style="list-style-type: none"> - Sosiogram - Fargeanalyse - Omvendt fargeanalyse - Alle med, Tras og Mio - Bruk av filmopptak - Utstilling av barns uttrykk/arbeid - Barnesamtalar - Foreldresamtalar - Aktivitetsplanar og prosedyrar skal utviklast og nyttast i samband med bekymring for krenkingar av barn - Dokumentasjonen blir lagra i arkiv (ePhorte)

5. Tidslinje for prosjektet – barnehage

Dato	Innhald/oppgåver
August 20	
1. og 14.9.	To planleggingsdagar
	Foreldremøte
September 20	
	Oppstart FSB, fire gonger i året
	Avslutning av Leik som regulering, pulje 3
	Nettverksamling for ressurspersonar pulje 3
16.-17.9.	IBMS, samling
	Oppstart Vegleiingsteamet i Vest-Telemark. Eigen årsplan
	Styringsgruppemøte: IBMS. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året
	Kvar månad: Styrarmøte, personalmøte, ped.leiarmøte, gruppemøte
	SU-møte 2-3 faste møte + ved behov gjennom året
Oktober 20	
	Oppstart Leik som regulering, pulje 4. Fire samlingar i løpet av året
22.10.	Oppstart Rekomp, styrarsamling i Vest-Telemark
28.10.	Fagtreff: Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning. Terje Melaas
	Tidleg innsats v/PPT, fire gonger i året
	Utviklingssamtalar
November 20	
6.11.20	Planleggingsdag – Digitalt foredrag med Ingrid Grimsmo Jørgensen
Desember 20	

	Dei faste møta på einingane
Januar 21	
8.1.	Planleggingsdag
12.-13.1.	Første samling IBMS. Digitalt foredrag
21.1.	Oppstartsamling for kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Digitalt foredrag
27.1.	Veiledningskonferanse for Telemark, USN
15.1.21	Frist for å sende inn lokal plan for Inkluderande barnehage- og skulemiljø
Februar 21	
9.2.21	Styrarsamling m/ped.leiarar, Rekomp.
	Nettverksamling for ressurspersonar pulje 3 IBSM
17.2.21	Fagtreff. Ingrid Grimsmo Jørgensen. Tema Regelvervskompetanse m.m.
Mars 21	
16.3.21	Pedagogmøte, Workshop. Plan for forebygging og handtering av krenkingar og mobbing i barnehagen
	Utviklingsamtalar i barnehagane
April 21	
22.4.21	Styrarsamling m/ped.leiarar, rekomp.
Mai 21	
3.5.	Fagtreff
26.5.	Fagtreff
27.5.21	Samling i veiledningsteamet i Vest-Telemark
Juni 21	
14.6.	Planleggingsdag
August 21	
16. og 17.8.	To planleggingsdagar
September 21	
22.-23.9.	Andre samling IBSM
Januar 2022	
12.-13.1.	Tredje samling IMSM
September 22	
14.-15.9.	Fjerde samling IBSM
Framover:	
<ul style="list-style-type: none"> - Nasjonale samlingar og møteverksemd knytt til Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis - Regionale samlingar og møte i samband med satsinga i Rekomp - PPT si satsing med Forum for systemretta arbeid i barnehagane, FSB, og samlingar knytt til Leik som regulering - Lokale nettverk og møteverksemd, planleggingsdagar, fagtreff, pedagogmøte, personalmøte, ped.leiarmøte og gruppemøte. - Utviklingssamtalar med kvar tilsett 	

6. Tidslinje for prosjektet – skule

Dato	Innhald/oppgåver
August 21	
2. og 13.8.	To planleggingsdagar, ev ein planleggingsdag ved kvar skule
September 21	
22.-23.9.21	IBSM, samling
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
	FAU-møte, SU-møte, KFU-møte
Oktober 21	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
	Foreldremøte på skulane
November 21	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Desember 21	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Januar 22	
3.1.22	Planleggingsdag
12.-13.1.	Første samling IBMS. Digitalt foredrag
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Februar 22	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Mars 22	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
April 22	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Mai 22	
	Styringsgruppemøte: IBSM. Ein del av styrarmøta med k-sjef gjennom året Kvar månad: Rektormøte, personalmøte på eininga.
Juni 22	
	Planleggingsdag
August 22	
16. og 17.8.	To planleggingsdagar
September 22	
14.-15.9.22	Siste samling IBSM
Framover:	
<ul style="list-style-type: none"> - Nasjonale samlingar og møteverksemd knytt til Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis - Regionale samlingar og møte i samband med satsinga i Dekomp 	

- Skulane ynskjer å samarbeide med PPT og Østbytunet Senter for Behandling og Fagutvikling til eit prosjekt for å teste ut Bruce Perrys nevrosekvensielle modell for læring (NME) i Norge. (<https://www.neurosequential.com/nme>)
NME er en utviklings sensitiv og nevrobiologisk orientert modell som tek utgangspunkt i grunnleggande prinsipp om korleis hjernen utvikles og fungerer. Antatt prosjektstart er 2.-3. kvartal 2022. 2021-22 vil bli brukt til å kartleggje og førebu implementering.
- Lokale nettverk og møteverksemd, planleggingsdagar, fellestid skulane.
- Utviklingssamtalar med kvar tilsett

7. Moglegheiter og utfordringar

Moglegheiter:

Barnehagane og skulane har vel etablerte samarbeidsarenaer både regionalt og lokalt.

Barnehagesektoren har ordningar/rutinar for rettleiing av personalet i barnehagane. Vi har lang fartstid når det gjeld eit tett og godt lokalt styrar- og rektorsamarbeid med eit sterkt fagleg fokus. Vi opplever eit stort trykk på ulike satsingar som vi ynskjer skal implementerast i ein heilskap. Vi har erfart at vi må utvide implementeringsperioden for å få til ein god prosess og eit godt utbytte av satsinga.

For å sikre oss ei god vidareføring av arbeidet frå pulje 3, meldte vi oss på i pulje 5, og var glade for at vi kom med. Det vil vere ein betydeleg hjelp i arbeidet framover.

Utfordring:

Implementeringsplanen i pulje 3 skulle m.a. bidra til å skape samanheng og gode overgangar for barna. Vi nådde ikkje alle måla frå pulje 3. Det er ei utfordring å finne tid til å utvikle eit godt samarbeid mellom barnehage og skule, m.a. for sikre ein felles plattform i inkluderingsarbeidet.

8. Vidareutvikling av praksis etter deltaking i prosjektet

Erfaringar frå arbeidet kjem alle einingane til gode. Vi driv utvikling i felles fora, og leiarane koordinerer arbeidet med personalmøte og planleggingsdagar på dei ulike einingane. Vi er opptekne av å drive einskapleg og ha ein god delingskultur i alle barnehagane og skulane.

Vi ynskjer å vidareutvikle arbeidet med pedagogisk dokumentasjon i barnehage og ved skulane vil vi sikre einskapleg og tydeleg vaksengruppe som legg til rette for at elevar skal lykkast best mogleg. Vi skal lage plan for førebygging og handtering av krenkingar og mobbing i barnehagane i Seljord. Opparbeiding av kunnskap, etablering av arbeidsmetodar og rutinar i prosjektperioden gjennom veletablerte samarbeidsarenaer skal hjelpe oss å halde fast i fokuset.

Ei utfordring i det vidare arbeidet er å finne gode måtar å involvere nye tilsette og nye foreldre.

9. Finansiering

Rekomp og andre kompetansemidler:

Gjennom Rekomp har Vest-Telemark fått 89 timar til kompetansetiltak gjennom USN til Vest-Telemark. I tillegg fekk vi kr 81 809,- i ekstra midlar frå Fylkesmannen til bruk til kompetansetiltak innanfor det same temaet i regionen for 2021.

Dekomp:

Gjennom Dekomp har Vest-Telemark fått 84 timar til kompetansetiltak gjennom USN til Vest-Telemark. 17 timar til Seljord kommune.

IBSM:

Kommunen får kr 260 000,- x 2 for perioden 2020-22, pulje 5. Vi ynskjer å bruke midlane til eksternt kompetansemiljø og dekking av utgifter til deltaking på nasjonale og lokale samlingar og kompetansetiltak. Leing av satsinga i pulje 5 lokalt tek vi av egne lønsmidlar. Eigne lønsmidlar dekker arbeidet til pedagogisk konsulent og styrarane i styringsgruppa. Vi ynskjer ikkje å bruke midlane til frikjøp av ein ressursperson.

Vi har enno ståande kr 50 000,- til storforeldremøte og kurs for personalet i skule og barnehage med Pål Roland. Opplegget blei utsett grunna koronapandemien og skal vere ope for alle kommunane i Vest-Telemark.

10. Litteraturliste

Roland, Pål og Westergård, Elsa (2015). *Implementering. Å omsette teorier, aktiviteter og strukturer i praksis.*

Universitetsforlaget

Spurkeland, Jan (2017). *Relasjonsledelse*

Universitetsforlaget

Lysebo, Marit Onshuus og Bratt, Elin Gullesen (2017). *Relasjonskompetanse i barnehagen.*

Pedlex

Schibbye, Anne Lise Løvlie og Løvlie, Elisabeth (2017). *Du og barnet. Om å skape gode relasjoner med barn*

Universitetsforlaget

Sælebakke, Anne (2015). *Barn i balanse. Nærvær og empati i barnehagen.*

Gyldendal akademisk

Ask, Cathrine (2015). *Hverdagslæring i barnehagen - for både voksne og barn*

Kommuneforlaget

Jørgensen, Per Schultz (2016). *Styrk barnas karakter. Et forsvar for barn, barndom og karakterdannelse.*

Pedagogisk forum

Jørgensen, Per Schultz (2017). *Robuste barn. Gi barnet ditt ansvar, livsmot og tiltro til seg selv.*

Cappelen Damm Akademisk

Raknes, Solfrid (2014.). *Grønne tanker-glade barn. Psykologisk førstehjelp, barn 4-7 år.*

Gyldendal akademisk

Pape, Kari (2013). *Jakten på den gode barndom. Lekende og inkluderende miljøer i barnehagen*

Kommuneforlaget

Melaas, Terje (2015). *Blikk for lek i barnehagen. Starte - verne – videreutvikle*

Kommuneforlaget

Lund, Ingrid og Gotfredsen, Marianne og Helgeland, Anne og Nome, Dag Øystein, Kavac, Bobo Velibor og Cameron, David Lansin (2015). *Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen.*

Forskningsrapport fra FUB, FUG, Universitetet i Agder, Abup og Kristiansand kommune. Kai Hansens trykkeri

Idsøe, Ella Cosmovici og Roland, Pål (2017). *Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse-forebygging-tiltak*

Cappelen Damm Akademisk

Lund, Ingrid (2016). *De er jo bare barn. Om barnehagebarn og mobbing.*
Pedlex

Lund, Ingrid (2016). *Mobbing i barnehagen. Anerkjennelse som forebygging.*
Pedlex

Lund, Ingrid og Helgeland, Anne. (2018). *Samarbeid mot mobbing i barnehagen.*
Pedlex

Melvold, Line (red.) (2018). *Livsmestring i barnehagen, - å bære sin egen bagasje.*
Kommuneforlaget

Melvold, Line (red.) (2019). *Barn er budbringere. En veiviser til psykisk helsefremmende barnehager.*
Kommuneforlaget

11. Nettressursar

FN's barnekonvensjon
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>

Barnehageloven
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Rammeplan for barnehagen, nynorsk
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Barnehagane sine årsplanar, del 1 og del 2
<https://www.seljord.kommune.no/barnehage.480130.nn.html>

Informasjon frå Udir om satsinga, samlinga m.m.
https://www.dropbox.com/sh/fwa652sg2l26rxr/AACog4_tgj8Xs2hcm4pvnGFia/1.%20Informasjon%20og%20dokumenter?dl=0

Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehage- skolemiljø, mobbing og andre krenkelser
<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/513fa156aaa64eb3a20965a0d79c1d1a/grunnlagsdokument-barnehage-skolemiljo-mobbing-og-krenkelser.-revidert-utgave-15.09.17.pdf>

NOU 2015: 2
Å høre til — Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/>

Meld. St. 6 (2019–2020)
Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

Rapport fra ekspertutvalget for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging

[https://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/nyheter/rapport-fra-ekspertutvalget-for-barn-og-unge-med-behov-for-saerskilt-tilrettelegging/Thomas Nordal rapporten](https://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/nyheter/rapport-fra-ekspertutvalget-for-barn-og-unge-med-behov-for-saerskilt-tilrettelegging/Thomas+Nordal+rapporten)

Ståstadsanalyse barnehage og skule.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/statedsanalyse/>

Podkast,

- «Tidligvakt» frå Barnehageforum

- «Foreldrekoden» m/ Hedvig Montgomery. Aftenposten

12. Vedlegg

Vedlegg 1 - Søknad om deltaking i inkluderande barnehage- og skulemiljø for 2020-22 frå Seljord kommune

Vedlegg 2 – Kompetanseplan ReKomp 2020-22

Vedlegg 3 - Den kompetente vaksne

Om «Den kompetente vaksne - sosial- og relasjonskompetanse».

Barn i barnehagane i Seljord kommune rommar eit stort mangfald der alle skal oppleve å bli anerkjent og vist respekt for. Det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Barnehagen skal gje rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar, og bidra til at barna i fellesskap med andre utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på egne evner. Personalet skal ha fokus på korleis den vaksne møter det einskilde barnet slik at den einskilde sin integritet blir ivareteken samtidig som omsynet til dei andre også blir ivareteken.

Utvikling av sosial kompetanse hos barn er nødvendig for å kunne vere saman med andre, etablere venskap, løyse konflikter, vere hjelpsam, samarbeide i grupper, og forstå korleis andre har det. Utvikling av sosial kompetanse, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebyggje diskriminering, krenking og mobbing. Det vil utjamne sosiale forskjellar og bidra til likestilling på ulike område. Grunnlaget for desse ferdighetane blir lagt allereie i førskulealder. Personalet skal leggje vekt på å utvikle og vidareutvikle desse ferdighetane.

= > Definisjon, sosial kompetanse: "Eit sett av ferdigheter, kunnskapar og haldningar som vi treng for å meistre ulike sosiale miljø. Stikkord: Empati, samarbeid, sjølvhevding, sjølvkontroll og ansvarskjensle". Utdanningsdirektoratet

Utvikling av sosial kompetanse skjer gjennom deltaking i leik, og samspel kring aktivitetar og daglege gjeremål:

- **empati**, om å bry seg om, sette seg inn i andre sin situasjon. Vise omsorg.
- **samarbeid**, dele, hjelpe, ta imot beskjed og følgje retningslinjer
- **hevde seg sjølv**, be om hjelp, kunne sei nei, stå for noko og reagere på andre sine handlingar. Og takke
- **sjølvkontroll**, tilpasse seg fellesskapet og ta hensyn til andre, vente på tur, problemløysing, vere kompromissorientert, reagere på erting/kommentarar utan å ta igjen, bli sinna eller sloss. Bevissthet om egne følelsar (-kjennskap til, og språk for egne følelsar. Og evne til å regulere dei) og evne til å forstå seg sjølv.
- **ansvarlighet**, å vise respekt (anerkjenne) eigen og andre sin likestilte verdi som menneske. Utføre oppgåver og vise respekt for andre sine egedelar og arbeid. Evne til å kommunisere med vaksne (Udir).

Dei viktigaste faktorane det gjeld å ha på plass med tanke på mobbing er (Pål Roland):

- *empati, sjølvbevissthet og sjølvkontroll/problemløysing*

= > Definisjon, relasjonskompetanse: "Kunnskapar, ferdigheter, evner og haldningar som etablerer, utviklar, reparerer og held ved like relasjonar mellom menneske". Jan Spurkeland
Stikkord: interesse for andre menneske, tillit og emosjonell modning, dialogferdigheter, relasjonsfremmande tilbakemeldingskultur, kreativitet, konflikthandtering.
(Henta frå: Relasjonskompetanse i barnehagen, Lysebo og Bratt)

For at barn og unge skal utvikle desse ferdighetane så må dei gjere erfaring med det i kvardagen sin saman med gode rollemodellar. Leiinga i barnehagane har ansvar for å ha kontinuerlig fokus på bevisstgjerjing og utvikling av personalets eigen sosiale- og relasjonelle kompetanse.

Merk!

I samvær med barn og unge, enkeltvis og i mindre grupper, legg vi vekt på medverknad,

samhandling og samtalen som metode. Utvikling av god språkforståing er avgjerande for å meistre samvær med andre. Vi har difor fokus på språk og eit ekstra fokus på språk saman med barn som strevar med språket, og for dei som ikkje har norsk som morsmål.

Personalet skal ha god språkkompetanse, og kompetanse i å utvikle språket hos barn og unge.

Den kompetente vaksne - synet på læring

Barn og unges rett til medverknad

Alle barn skal erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Dei skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Personalet forstår omgrepet slik at kvart barn har rett til å bli sett, høyrd, respektert og til å deltake og prøve seg fram. I denne prosessen får barn og unge erfaring med kva demokrati er.

Arbeidsmåtar og progresjon

Medverknad i eige liv, og samspel med utgangspunkt i barns eigne erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ skaper engasjement og motivasjon for læring. Jamfør barnehagens rammeplan som seier at personalet skal ta del i lek, aktivitet og daglege gjeremål, og vere open for improvisasjon og kreativitet. Dei skal stimulere barn til undring og evne til å stille spørsmål, søkje opplevingar, ta initiativ og meistre nye ting. Dei skal gi barna varierte inntrykk, inspirasjon og høve til å uttrykkje seg og lære på ulike måtar, og arbeide tverrfagleg og heilskapleg.

Lærarrolla er i endring frå å vere reproduserande (overføring av kunnskap frå lærar til barn/elev) og aktivitetsstyrt, til å rettleie barnets eigen forskning. På den måten produserer barnet sin eigen kunnskap og erfaring med støtte frå læraren. Denne endringa er i trå med kva forskning seier om korleis barn lærer best. Å vera i flyt med barna på denne måten har konsekvensar for måten personalet er saman med barna på, for planlegging, gjennomføring og evaluering av arbeidet. Vi vinn barn og unge som drivast framover av nysgjerrighet, mestring, trivsel, og livsglede.

Den kompetente vaksne - rettleiing og tilbakemeldingskultur

Barnehagar skal vere lærande organisasjonar. Refleksjon og øving i eit lærande fellesskap er ei viktig arbeidsform for å utvikle og forbetre haldningar og praksis.

Utvikling av ein tilbakemeldingskultur sjåast på som ein føresetnad for å få til endra atferd og utvikling. Vi treng hjelp til å sjå oss sjølve. Vi lærer alle saman av kunnskap og erfaringar heile livet. Skal vi få til det vi er pålagt på best mogleg måte, så må vi reflektere over handlingane våre, kanskje justere oss, og øve på nye måtar å seie og gjere ting på.

Ved å etablere ein kultur der vi ser på kvarandre og gjer tilbakemelding på kva vi ser, hjelper vi kvarandre til å bli bevisst eigen handlingskompetanse. Ved å identifisere ulike situasjonar når dei skjer, eller relativt tett på i tid, har vi ein gyllen mulighet til å bevisstgjere oss og reflektere over kva, korleis og kvifor vi handlar som vi gjer i møtet med barn og unge. På den måten kan vi endre handlingsmønster, utvikle praksis og heve kvaliteten på arbeidet vårt. Dette krev eit trygt og godt arbeidsmiljø og at vi sett av tid til å øve. Målet er kva som er til det beste for barnet i ein kvar situasjon.

Alt personalet i barnehagen pliktar seg til å ta imot rettleiing. Rettleiing kan gå føre seg uformelt som observasjon og tilbakemeldingar her og nå, eller formelt i planlagde møte etter ulike metodar. Barnehagane i Seljord har styrarar og fleire ped.leiarar med formell rettleiingskompetanse. Vi oppmodar ped.leiarar til å ta vidareutdanninga.

Fleire av rettleiarane våre er med i rettleiingsteamet for nyutdanna barnehagelærarar i Vest-Telemark. Kommunane er pålagt å møte nyutdanna barnehagelærarar sin rett til rettleiing. I Vest-Telemark har dei status som heilt nyutdanna i 2 år. Vi vil delta og vere med å utvikle dette arbeidet i Vest-Telemark framover.

Det finnast mange metodar for bevisstgjerung av eigen praksis. Vi vil gjere oss kjent med noko av dette og vurdere det i det vidare arbeidet, som til dømes arbeidsplassrulling.

Den kompetente vaksne - sårbare barn og barn med spesielle behov

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis har oppstart januar 2020. Barnehagane i Seljord ynskjer å arbeide med korleis vi kan drive ein allmennpedagogisk virksomhet tufta på spesialpedagogiske prinsipp.

Korleis kan vi bli meir fleksible i rammene våre for å inkludere alle?

Det handlar mellom anna om **fysisk tilrettelegging, organisering, metodikk og tempo**. Individuell tilrettelegging inkludert i fellesskapet, og tverrfagleg samarbeid ut frå lokale behov.

Flyktingetenesta

Flyktingbarn og unge er ei spesielt sårbar gruppe. I kraft av å vere flykting og kome frå andre kulturar har dei spesielle behov og samansette utfordringar. Vi ynskjer å utvikle kunnskapen i personalet og samarbeidet med flyktingetenesta i kommunen. Det skal utarbeidast retningsliner for å ta imot og følgje opp barna i utdanningsløpet. Arbeidet startar opp våren 2020.

Barne- og ungdomsteamet

er eit tverrfagleg team som skal ivareta sårbare barn og unge med ulike utfordringar. Her sit m.a. barnevern og helse-sjukepleiar saman med barnehage/skule.

Personalet i barnehagane, både fagarbeiderar og pedagogiske leiarar, oppmuntrast til å ta **formell spesialpedagogisk kompetanse**. Vi har personal som har tatt det, andre som er i gang, og fleire som startar opp hausten 21. Dersom alle gjennomfører våren 2022 har kvar barnehage denne kompetansen i si grunnbemanning.